



## Kommunal strategi for tilskotsordninga «Spesielle miljøtiltak i jordbruket» (SMIL) 2020 -2024 for Voss herad

### Føremål

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket skal fremje ivaretakinga av naturen og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap, og redusere ureining frå landbruket, utover det som kan forventast som en del av vanleg jordbruksdrift.

### Målformuleringar

Tema	Målformuleringar
Kulturlandskap	Stimulere til at kulturlandskapet vert halde i aktiv drift i heile kommunen. Utnytte verdiane i kulturlandskapet i næringssamanhang når det gjeld utvikling, produksjon og sal av varer og tenester i tilknyting til landbruket. Lokal matkultur og kulturlandskap skal setjast saman til heilskaplege oppleavingsprodukt for reiselivet.
Biologisk-mangfold	Ta vare på det biologiske mangfaldet gjennom aktiv landbruksaktivitet, for å sikre det biologiske mangfaldet av artar. Omfattar og å legge tilrette for pollinerande insekt, og å fjerne framande artar
Kulturminne og kulturmiljø	Ta vare på kulturminne som visar tradisjonell bruk av landskapet som er skapt av dei som har levnaert seg der, og såleis gje forankring i historia. Ta vare på verneverdige bygningar for næringsutvikling og historieforteljing.
Tilgjenge og friluftsverdiar	Kulturlandskapet skal vera ei kjelde til rekreasjon og oppleveling, og såleis medverka til identiteten vår. Leggje til rette for auka tilgjenge for ålmenta i jordbruket sitt kulturlandskap ved tilgang til sti- og turvegnett, for å sikre samfunnet sitt behov for rekreasjonsareal.
Ureining og erosjon	Redusera avrenning frå jordbruket som belastingar for vassdrag, drikkevatn og fjord. Hindre tap av næringsemne. Vassførekostar skal ikkje måtte nedklassifiserast til dårligare status som følgje av avrenning frå jordbruket. Redusera erosjon i tilknyting til innmarksareal. Tiltak som reduserer effekten av endring i klima.

### Overordna planar/regelverk

- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, med Rundskriv 2020-12
- Nasjonalt miljøprogram 2019
- Regionalt miljøprogram for Hordaland og Sogn og Fjordane
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021
- Tverrsektoriell tiltaksplan mot skadelige fremmede organismer 2007
- Nasjonal pollinatorstrategi - Ein strategi for levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt, 2018

### Kommunale planar som gjev føringar for strategien

- Energi- og klimaplan 2018 – 2021



- Kommuneplanen 2015-2026
- Strategisk næringsplan 2015-2018
- Plan for idrett og friluftsliv 2014-2017
- Kommuneplan for kulturminne i Voss 2004-2007
- Kulturplan for Voss kommune 2015-2025
- Viltet i Voss. MVA-rapport 2/2013

## Årleg forventningsbrev frå Statsforvaltaren og prioriteringar gitt for gjeldande år.

### Tematiske prioriteringar av ordningar/tiltak

#### A. Planlegging og tilrettelegging av samarbeid om fellestiltak

Omfattar tiltak for å få ei meir heilskapleg og samordna innsats, og prosessar som sikrar breiast mogleg involvering og forankring i miljøarbeidet.

Prioritert tiltak er:

1. Utarbeiding av beitebruksplanar som leier fram til konkrete fellestiltak.
2. Utarbeiding av skjøtsels-/forvaltings-/kulturlandskapsplanar som leier fram til konkrete fellestiltak.

#### B. Tiltak kulturlandskap

##### 1. Tiltak for biologisk mangfald

Omfattar tiltak som fremjar biologisk mangfald gjennom å ta vare på ville plantar, dyr og pollinerande insekt i kulturlandskapet på gamal kulturmark. Tiltaka skal bidra til å bevare livskraftige bestandar og oppretthalda leveområde for den ville flora og fauna i eller i tilknyting til kulturlandskapet. Aktuelle tiltak kan vera etablering, istandsetjing, utbetring og skjøtsel av område og landskapslement på gamal kulturmark, som tek i vare leveområde for plantar, dyr og pollinerande insekt. Viktige landskapslement for biologisk mangfald er bekkar, vassvegar og vassmiljø, elvelandskap, edellauvskog, urterike og kalkrike slåtteenger, naturbeitemarker, kantsoner, våtmarksområde, innmark på stølvollar og beiteenger. Lista er ikkje uttømande.

Prioriterte tiltak er:

###### 1. Areal

Restaurering av artsrik slåttemark som har vore i langvarig hevd gjennom regelmessig slått. Gjødsling og jordarbeid må ikkje ha vore praktisert. Areala skal etter restaureringa skjøttast i samsvar med retningslinjer fastsette av Statsforvaltaren, og skal verte registrerte i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Restaurering kan t.d. vere rydding av tre og buskar, rot-fjerning, fjerning av avfall, steinar, strø og mosetuer og innsåing.

Prioriterte tiltak er:

- Restaurering og inngjerding av gamle innmarksbeite. Tiltak i område som er nemnde i
  - naturypekartlegginga av Voss kommune.
- Tiltak skildra i beitebruksplanar.
- Aktiv skjøtsel av kulturlandskapet som legg til rette for og sikrar leveområda for pollinatorar i jordbruket, som levedyktige bestandar av villbier og andre pollinerande insekt. Dette kan



være sikre variert landskap og mangfald av naturtype som gjev tilgang til egna yngleområder, oppvekstområde og mat. Døme kantsonar, slåttemark og naturbeitemark.

## 2. Fjerning av framande skadelege artar.

Fjerning av framande skadelege arter i jordbrukets kulturlandskap er døme på tiltak for å sikre biologisk mangfald. *Tiltak må skje gjennom «Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter»*, der det vert prioritert kva artar som bør kjempast i kva område.

## 2. Tiltak som tek i vare gamal kulturmark

Omfattar tiltak som tek i vare kulturrelatert plante- og dyreliv, biologisk mangfald og landskapsbiletet knytt til gamal kulturmark som beitehagar, beitemark, einerbakkar, frukthagar, hasselskog, bjørkehagar, kantsoner/kantslått, styvingslandskap, elvesletter, nyttehagar, tørrenger, stølsvollar og utslårter. Aktuelle tiltak kan vera istandsetjing og skjøtsel gjennom beiting, slått, styving eller anna hausting av gamal kulturmark i inn- og utmark.

Restaurering og inngjerding av artsrike, biologisk verdifulle beiteareal som har vore i langvarig hevd utan nemnande gjødsling eller jordarbeiding, t.d. haugar og tørrbakkar. Areala skal etter restaureringa skjøttast i samsvar med retningsliner fastsette av Statsforvaltaren, og skal verte registrerte i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) som "naturbeitemark", "hagemark" eller "strandeng".

## C. Tiltak som legg til rette for større tilgjenge og auka opplevingsverdi i landskapet

Omfattar tiltak som aukar moglegheita for rekreasjon og friluftsliv i jordbruket sitt kulturlandskap, gjennom å leggja til rette for ferdsle til fots, og opplevelingar. Aktuelle tiltak kan vera rydding av samanhengande sti- og turvegnett i tilknyting til vegar i kulturlandskapet, som forenklar tilkomsten til utmark og strandsoner. Viktige ferdselsstiar er (alfabetisk oppsett): Driftevegar, ferdselsvegar, kongevegar, kulturlandskapsløyper, kyrkjevegar, postvegar, sleper, støls- og buførevegar, trapper.

Prioriterte tiltak er:

1. Tiltak som førebyggjer konfliktar mellom landbruk og ålmenta: Styring av ferdsel som t.d. sjølvlukkande grinner og gjerdeklyv.
2. Tiltak i område der det er gjort eller planlagt andre skjøtselstiltak.
  - Rydding av stiar som gjev tilgjenge til natur- og friluftsområde.
  - Merking og skilting av stiar for ålmenta i kulturlandskapet.

## D. Tiltak som tek i vare kulturminne og kulturmiljø

Omfattar tiltak som vedlikehald, istandsetjing, bevaring og planlagt bruk av automatisk freda, verneverdige bygningar, kulturminne eller kulturmiljø. Kulturminne er alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, også lokalområde som det er knytt historiske hendingar, tru og tradisjon til. Eit kulturmiljø er eit område der kulturminne går inn som ein større heilskap eller samanheng. Alle kulturminne frå før 1537, og bygningar dokumentert frå før 1650, er automatisk freda. Andre kulturminne kan fredast ved spesielt vedtak. Freda kulturminne vert forvalta av Fylkeskommunen.



## Voss herad

Aktuelle verneverdige bygningar er buer og loft, glasstover, handelsstader, husmannsplassar, klyngetun, lører med høy- og kornbrot/stall, rekkjetun, røykstover, smier, stølsmiljø, vassdrivne sager, vognhus, tømra hus, utlører og vårfloorar.

Aktuelle kulturminne og kulturmiljø er bakkemurar, eldhus, fangstinnretningar, gjerder, gravrøyser/-haugar og helleristingar, hellerar, hustufter, ishus, jernvinner, kai-anlegg, kaldeholer, kolmiler, korntørker/tørkestover, kraftstasjonar, kvernhus, laksegiljer/lakseskjær/andre fiske- og fangstinnretningar, løypestrengar, mjølkeramper, møller/stampehus, namnesteinar, naust, oppgangssager, rydningsrøyser, smier, stabbesteinlar, stabbur, stamper, steinbuer, steingardar, stemmer, stølshus, steinstolpar, torvtak, troskykkjer, tufter, utlører, vardar og vårfloorar.

Lista er ikkje uttømande.

Prioriterte tiltak er:

1. Restaurering av kulturminne på innmarksareal i område regulert etter Plan og bygningslova som spesialområde eller omsynssone "kulturmiljø".

2. Restaurering av verneverdige bygningar i kulturmiljø:

- Gamle landbruksbygg som skal takast i bruk til ny næring eller som inntektskjelde
- Stølsmiljø
- Klyngetun, rekkjetun, husmannsplassar, handelsstader
- Automatisk freda gravminne og gravfelt på innmarksareal
- Steingardar på innmarksareal, som er minst 75 cm høge
- Restaurering av verneverdige byggverk knytt til særskilde driftsformer i kommunen

### E. Ureining, avrenning til vatn, erosjonstiltak

Omfattar tiltak som reduserer risikoen for erosjon på jordbruksareal, som reduserer avrenning av næringsstoff frå jordbruksareal, eller som reduserer ureinande utslepp frå jordbruket til jord, luft og vatn.

Avrenning til vatn: utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg, kumdammar, gjenopning av bekkelukkingar m.m. Erosjonssikring av elve- og bekkekantar, flaumdempende tiltak m.m.

Flaumdempende tiltak er tiltak som seinkar avrenning og som ved kraftig nedbør kan redusere flaumtoppar og erosjon.

Fangdammar, andre økologiske reinsetiltak. Aktuelle tiltak er etablering av fangdammar, våtmarksområde, reinseparkar og vegetasjonssone for reinsing og beskyttelse.

Andre tiltak: Dekke over eksisterande gjødsellager: Det vert stilt krav til at tiltaket har varig karakter tilpassa det aktuelle lageret.

Området som er ein del av oppfølging av vassforskrifta er prioritert.

Prioriterte tiltak er:

1. Utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg.
2. Funksjonelle kantsone frå dyrkjord til vassdrag – miljøplantingar
3. Bygningsmessige miljøtiltak, tilskot til dekke på gjødselkum
4. Restaurering av høgmyr
5. Andre energi- og klimatiltak jf. gjeldande Klima og energiplan for Voss.



## Val av særskilde tema-år:

Det kan vere aktuelt å prioritere særskilte årlege tema innanfor ramma av strategien for bruken av SMIL-midlane. Dette vil verte gjort i samarbeid med faglaga i landbruket, og på bakgrunn av t.d. særskilte prioriteringar signalisert frå fylkesnivå. Tilskotsordninga kan sjåast i samanheng med pågående regionale utviklingsprosjekt i fylket og særskilte utfordringar. Heradet kan t.d. sette av ein prosentdel av tilskotet til det prioriterte temaet.

## Prioriteringar – bruk av midlar og tilgang på gode søknadar

### Satsingsområde framover i perioden

Med pågående klimaendringar vil nokre problemstillingar auke på. Dette gjer at tiltak for å redusere avrenning og risiko for avrenning frå jordbruksareal, sammen med tiltak for å hindre erosjon, vil vere prioritert høgare.

Statsforvaltaren kan halde att ein del av fylkespotten, slik at kommunane kan søkje om tillegg der det er stor søknad. Der det er behov for ekstra ramme til urening, skal dette meldast inn fortløpende for fortløpende tildeling fram til 15.august. Etter 15.august vert det opna tilskot for andre tiltaksgrupper. Dette gjer at det vil vere viktig for kommunen å vere tidleg ferdig med sakshandsaminga, slik at ekstra behov kan meldast tidleg.

Øvrige tiltaksgrupper vil verte støtta som tidlegare, men med prioritering av sikring av artsmangfald

### Økonomiske verkemiddel : Tendensane dei siste åra

I perioden 2013-2020 har Voss kommune fått følgjande tildeling av tilskotsmidlar frå Statsforvaltaren:

År	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Sum løying	1 200'	1 100'	850'	500'	600'	510'	510'	610'	700'

Voss herad har stort sett nytta løyvd ramme. Unytta midlar som kommunen trekker inn, vert lagd til kommunen si ramme inneverande år. Voss herad vil difor sette arbeidsfristar til tidleg på året, slik at ein får betre høve for å nytte desse midlane i heradet. Midlar som står unytta ved årsskiftet vert trekt attende til Statsforvaltaren si ramme.

### Planlagd aktivitet for auka satsing/søknadsmengd;

- samarbeidspartar internt og eksternt:

Landbruksrådgjevinga (NLR-Vest), Bondelag, Bonde- og småbrukarlag, Hagebrukslag, Hardanger og Voss folkemuseum, kommuneplanleggjaren, folkehelsekoordinatoren, turlag, helselag, idrettslag, bygdekinnelag, bygdelag, Statsforvaltaren og Vannregion Hordaland.

- Informasjonsarbeid, t.d. markdagar og infokveldar.

Arbeide for å kopla aktive jordbruksføretak og eigarar av viktige miljøverdiar der drifta er lagt ned, slik at desse verdiane kan bli skjøtta. Samarbeid med tilstøytane kommunar.



# Voss herad

## Retningsgivande tilskotssatsar for berekning av SMIL-kostnader

MILJØTEMA	TILTAK - døme	Tilskots-% inntil	Maks. kostnad pr. eining, eller reell kostnad
Biologisk mangfald	Restaurering slåttemark Restaurering artsrikt beiteareal	100 %	Kr 3 500 pr. daa
	Gjerdning		Kr 140 pr. meter
	Fjerning av framande organismar	70 %	
Fellestiltak: Planlegging og tilrettelegging		70 %	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einskilde saka
Kulturminne, kulturmiljø, bevaringsverdige bygg (ikkje freda)	Steingardar Freda gravminne, gravfelt Stølsmiljø Naustmiljø Klyngetun, rekkjetun Handelsstader Husmannsplassar Hesjing	70 % 70 % 70 %	Kr 2 400 pr daa
Gamal kulturmark	Restaurering av beite Gjerdning	70 % 70 %	Inntil kr 3 500 pr. daa Kr 140 pr. meter
Verneverdige bygg		70 %	
Tilgjenge, opplevings-kvalitet	Sti rydding Skilting Gjerdeklyv/ganggrind	50 %	Ev. fast sum pr. meter
Ureining	Bygningsmessige miljøtiltak, tak på gjødselkum Hydrotekniske anlegg Erosjonsutsette produksjonsareal Økologiske reinsetiltak	40 % 70 % 70 %	

Timesatsar: Manuelt arbeid kr 350 pr. time (inkl. motorsag o.l.)

Arbeid traktor 600 kr/time

Arbeid gravemaskin 800kr/time (eller etter rekning)

Innleigd hjelp: Faktisk kostnad etter faktura

### Søknadsfrist

Søknadsfrist for søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er 1. mai, og eventuelt ein ny frist 1. september dersom det er ubrukte midlar.